



Blir du med til topps på Ulvanåso søndag? (Foto: Kjell Yri)

**Kvinnherad Turlag arrangerer søndag sin tradisjonelle skitur til toppen på Ulvanåso med skisenteret i Tveitedalen som utgangspunkt. Ver og føre lovar det beste og det kan bli ein eventyrleg tur.**

Den går først innover langs Bakkastølsvatnet og på skogsveggar oppover lia mot Dyrrindo. Vegen går over i sti og den passerar eit lite stykke gjennom bjørkeskog før ein når fram til Dyrrindstølen og matpause. Skia må berast opp til Dyrrindo grunna lite snø, men skia kan tas på etter den bratte kneiken over Dyrrindstølen.

Etter kvart kjem toppen av Høgetinden (frå gammalt kalla Kapuso som tyder munkehette) fram – den ragar 1.247 meter over havet. Etter passering av 1.000 meter over havet er det rikeleg med snø og ei lang og vid vidde strekkjer seg mot toppen. Like før den er nådd passerar ein Øktardalstinden, der kjempefonnar heng i lause lufta over Fjellandsbøvatnet.

Utsikten frå Høgetinden er fantastisk – mot Etnefjella, Haugalandet, Seljestadjella, Matrefjorden, Blådalen, Folgefonna, Kvamskogen og Rosendalsfjella, for berre å nemne noko.

På tilbaketuren får deltakarane nytta dei fina, slake nedkøyringane.

Det er ei meir utfyllande omtale på [www.bergen-turlag.no](http://www.bergen-turlag.no). Turleiarane Kjell Yri og Erlend Hellingsrud minnar om at deltakarane må ha med skifeller.